

# Ypsøy kystgard



Vågen på Ypsøy 2013.



Vågen om lag 1930.



Ypsøy kystgard.

## Garden

- Tradisjonell veglaus kystgard på øya Ypsøy / Ypson / Øpsø i Meland kommune.
- 4-500 dekar med kystlynghei i nord og sør. Om lag 50 dekar med innmark midt på øya. Høgaste punkt ligg 36 meter over havet.
- Båthamna ligg på sør-austsida av øya, omtalt som Vågen.
- Monica og Vigleik M. Ypsøy er eigar av bruk 3 som har eit areal på om lag 200 dekar. Dei er dei einaste fastbuande. Dei har leigeavtale med dei andre 3 brukena og driv gard på heile øya.
- Bruk 3 vart fråflytta om lag 1960. Monica og Vigleik starta opp med ny gardsdrift i 2001. Då låg alle driftsbygningane nede og gjengroinga var i ferd med å ta overhand på heile øya.
- Gardsdrifta og forvaltninga av kulturlandskapet er fundamentert på skjøtselsplan utarbeida i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og byggjer vidare på arbeidet frå tidlegare generasjonar.
- Av omsyn til verdiane i kulturlandskapet vert det nytta lette maskiner og tradisjonelle reiskapar.
- Heile garden er i aktiv drift på tradisjonelt vis med villsau og fiske. I tillegg haustar ein frukt, bær og ville vekstar.
- Råvarene vert foredla og seld på garden eller på Bondens marknad.
- Landskap og bygningar både på eige bruk og på nabobruka vert brukt på ein aktiv og berekraftig måte for at drivarane skal kunna ha garden som bustad, levebrød og arbeidsplass.

## Næringane

- Formidling, skjøtsel og forvaltning av kulturlandskapet med skuleklassar.
- Inn På tunet med enkeltelevar frå grunnskulen.
- Foredla produkt av råvare frå garden.
- Reiseliv med turar på sjø og land, servering av lokal mat og overnatting i lø.
- Prosjektleiar for livOGlyst Kårbø og for lokalmatprosjektet: "Smaken av Nordhordland". Nettverkssamarbeid.
- Rådgjeving for gardbrukarar i oppstartsfasen og/eller som treng hjelp til forvaltning av eigne kulturlandskapsverdiar.
- Transport med båt av eigne born til skule og frakting av materiell for naboar.

## Meland kommune

Meland kommune



*Meland er den tredje mest veksande kommunen i Noreg. Vi har unge innbyggjarar der nær 30 % er under 18 år. Folkevekst skaper utfordringar, også for identitet og statkjensle. Meland er ein presskommune i høve til arealendringar.*

*For å sikre attraktive, gode identitetsfremjande leve og buminjø, er grønstruktur, friområde og kulturmiljø/landskap ein viktig del av arealstrategiane i kommunen. Dette heng og saman med satsingsfeltet vårt folkehelse*



*Utdrag frå kommuneplanen 2013- 2015  
kap. 2.5 Berekraftig landbruk*

*Eit aktivt landbruk skaper kommunen sin utsjånad i stor mon, og held i hevd gammal kultur som er med å skape identitet og statkjensle.*

### **Mål**

- Leggje til rette for eit livs og berekraftig landbruk
- Ta vare på landskap og kulturminne gjennom aktiv og berekraftig bruk

### **Kva gjer vi**

*Informere og motivere grunneigarane til å ta vare på kulturlandskapet.*

*Lage skjøtselplan for kystlynghei og andre kulturlandskap i kommunen*

## Eigarane

Monica Petersen Ypsøy (52) og Vigleik Mikal Ypsøy (55) eig gnr. 50, bnr 3, men driv heile gard nr. 50 som består av bruk 1, 2, 3, 4 (forsvaret) og 5.

Vigleik sin oldefar dreiv bruket til om lag 1950 og mor til Vigleik si tante dreiv bruket vidare til om lag 1960. Ho var eigar av bruket til om lag 1970 då Vigleik si mor overtok og brukte det som feriestad fram til sin død i 1992.

Monica og Vigleik starta opp igjen gardsdrifta i 2001 og overtok bruket i 2012.

Dei arbeidde tidlegare i butikk, men nedlegging av arbeidsplassen gav dei moglegheita til å oppfylla ein gammal draum om å flytta til Ypsøy for å ta vare på kulturlandskapet og å drive gard på tradisjonelt vis.

Dei har teke mykje kurs og etterutdanning for å kunne forvalte garden og kulturlandskapet på ein god og berekraftig måte. Dei har begge arbeidsplassen sin på garden. Monica tar litt vikaroppdrag på Rossland skule og Vigleik arbeider også med rådgjeving og prosjektleiing for landbruket i regionen.

Dei har 3 jenter og svigersøner som hjelper mykje til med drifta. Garden er blitt ein samlingsstad for familie, slekt, vene og naboar ved små og store hendingar.

Monica og Vigleik er elles aktive innan kultur og idrett. Ho syng i 2 kor og han driv med fotball.

Dei fekk kulturrosa av Meland kommune i 2006 for arbeidet med forvaltning av kulturlandskapet på Ypsøy kystgard.



## Kystgarden

Ypsø ligg i Herdlefjorden nordvest i Meland kommune. Øya er skjerma frå vær og vind av Holsnøy på sør og austsida, Askøy på vestsida og Herdla på nordsida.

Garden er omtalt på 1300-talet, i den tida då ein endå skreiv på kalveskinn. Ein trur namnet kan ha samanheng med klippeframspringa på vestsida (øfse), eller den gode fiskeplassen for pale og sei (yfsi på Islandsk) nord på øya.

Garden har vore forholdsvis tungdriven då ein ikkje såg seg råd til å ha hest som kunne dra dei tunge lassa. Åkrane har vorte spadd for hand, og mange av steinane i murane er dregne på slede vinterstid når det var snø og is. Steinen i bryggjene er mykje frå ballaststein som dei hadde med seg frå fiske då dei skulle segla heim frå Øygarden.

Mesteparten av det dei klarte å få ut av jorda og delar av buskapen, vart nytta på garden. Inntektene kom helst frå fiske. Fisken vart sold til oppkjøparar eller på torget i Bergen.

Monica og Vigleik brukar også i dag ressursane på ein berekraftige måte slik at dei kan ha eit levebrød. Dei har nådd sin visjon om å kunne bu og arbeide på garden.

Dei driv garden med hjarta og har fokus på at inntekter frå næringane skal medverka til god forvaltning av kulturlandskap og kulturmiljø.



Herdla gard ca. 1840.



Viking M. Øpsen agner line i 1965


## Kulturlandskapet

Tradisjonell drift medverkar til at kulturlandskap og kulturmiljø vert tekne vare på.

Tekniske kulturminne som vegar, steingardar, lokalmiljø vert restaurert og skjøtta på tradisjonelt vis. Ferdslårene på garden er bygde som gang og driftevegar. Ein nyttar difor lette køyretøy. Ein ATV-traktor med 6-hjul og maks 100 kg trykk på kvart hjul høver godt i eit slikt landskap.

Auka aktivitet og ferdsla på vegane dei siste åra krev likevel auka vedlikehald. SMIL- midlar dei har motteke har då vore til god økonomisk hjelp

Dei har også fått mykje god hjelp i det praktiske arbeidet.



<b>Kulturveg A</b>	<b>Kulturveg B</b>	<b>Kulturveg C</b>
1 Notnese		3 Myrane
2 Våjen		4 Storevdjen
3 Myrane	3 Myrane	3 Myrane
4 Bruka	4 Vassvikjæ	4 Nore Klubben
5 Søra Florsvikjæ	5 Gannvikjæ	5 Daln
6 Busetna /'Ypsø	6 Storhauane	7 Øynæ
7 Storhauane	7 Laksnesdaln	8 Grønhøyen
8 Laksnese	8 Eie	9 Små Sjelonne
9 Laksnese		
10 Klipholmen	10 Små Sjelonne	


På studiet i kulturlandskapsskjøtsel ved Høgskulen i Sogn og Fjordane lærde Vigleik mykje om skjøtsel av ulike vegetasjonssoner. Figuren under syner korleis dei då fekk hjelp til å dele inn garden i ulike soner.

På området som er merka med grønt (lynghei/busker/lauvtre/bartre), har dei seinare også kartlagt både verdifull strandeng og rik førekommst av pors som dei nyttar i næringa.

Innmarka vert skjøtta ved beiting og ljåslått. Her er det også m.a. frukthagar, styvingstre, og nyttevekstar.

Lyngheia vert skjøtta ved beiting, brenning og noko slått. Dei har brent om lag 100 dekar sidan 2001. Biomasse som dei fjernar i samband med skjøtsel vert nytta til hovudoppvarming av våningshus og næringslokale.

Av omsyn til det biologiske mangfaldet har dei redusert beitettrykket noko dei seinare åra og har no om lag 60 overvintrande villsau.



Naboar hjelper med lyngbrenning




Høgskulen i Sogn og Fjordane på synfaring

Lokale stadnamn på garden er ein del av den immaterielle kunnskapen som er viktig å ta vare på.

Då noverande eigarar byrja driva var det ingen igjen på garden til å formidla den munnlege og handlingsborne kunnskapen.

Bygdebøker og andre skriftlege kjelder, telefonar til gjenlevande eldre personar frå garden og mykje kursing har medverka til at dei i dag har opparbeid seg mykje av den same kunnskapen som dei gamle hadde.



Figur: Monica P. Ypsøy

Kartet som Monica har laga syner stader på garden som har sitt eige namn. Namna er i dag i jamleg bruk og er viktige når dei for eksempel skal beskriva for andre kor ein oppheld seg.

Namna seier også noko om plassen som for eksempel nr. 35, *Gannvikja*. Dette er ein god plass å sette garn.

## Gardsdrifta

Drifta er økologisk og består av villsau, fiske, hausting av litt frukt, bær og ville vekstar.

Då eigarane starta opp i 2001 prioriterte dei først å restaurere ein del av steingardane slik at dei kunne få nye beitedyr ut i landskapet.

Villsauen blei vald på grunn av at den tradisjonelt sett har vist at den passar godt inn i dette landskapet. Den beiter også på tang og tare. Den har og ein høveleg storleik når ein må løfte dyra inn og ut av båtar. I tillegg har den respekt for sjøen og står heilt roleg når den er i båten.

I takt med restaureringa av landskapet auka villsauflokken til om lag 80 overvintrande dyr for nokre år sidan og er no redusert til om lag 60. Kjøtet vert foredla på garden.

Villsauen går fritt på heile øya frå oktober til april, men vert i sommarhalvåret teke vekk frå slåttemarker og åkrar.

Markene vert slått seint med ljå og graset vert tørka på bakken eller på trohesene. Tørrhøyet vert lagra i løa og nytta som tilleggsfôr for villsauen i vårknipa.

Dei driv også med heimafiske. Om vinteren er det garnfiske etter torsk og sei. I tillegg plukkar dei blåskjel og litt krabbe. Om våren og sommaren er det snørefiske etter lyr. Hausten er ei god tid for fiske etter pale og sei.

Fisken vert nytta til eige bruk og noko til gjester som besøkjer garden.

Frå sommaren og utover vert det hausta eple, plommer og ville vekstar. Frukttrea er planta om lag 1950 og vert skjøtta på tradisjonelt vis.



Vigleik i slåtten i 2013 og med fangst av lyr i 1968. Monica leier sanking av villsauen (under)



## Bygningane

Det var berre det gamle våningshuset og naustet som stod igjen etter dei førre drivarane. Nye bygningar og nytt våningshus har sidan kome til i takt med auka drift, behov og inntekter. Det første var ny kai og sjøbu. Sidan har 8 små og store bygningar funne sin plass i tunet. Løa og smalehuset er bygd som grindbygg på tradisjonelt vis. Vigleik har gjort mesteparten av arbeidet på eiga hand, men har også fått mykje god hjelp hjå fagmiljø, naboar, slekt og vener.

Det gamle våningshuset er no overteke av Vigleik sin bror Ole Henrik til bruk som feriestad. Ole Henrik og familien hans er til god hjelp for Monica og Vigleik i drifta på garden. Monica og Vigleik bygde nytt våningshus i 2005.

Reisverket til m.a. løa er slept over fjorden og drege opp til tunet med ATV-traktor. Meland kommune medverka til at det blei arrangert eit kurs i grindbygging i samband med reising av dette bygget. Det gjorde det også enklare å løfte opp dei 4 grindene med muskelkraft då dei som råe vog nærmere 1000 kg kvar.

Dei ønskjer no også å reisa eit jernalderhus i tunet slik at skulelevar og andre kan få læra endå meir om livet til våre forbudrar og den tradisjonelle byggeskikken.



Berre deler av murane sto att



Reisverket vart slept over fjorden



Løa og smalehuset har no vorte ein ressurs for næringane på garden



## Næringane

Den tradisjonelle berekraftige driftsmåten til kystbonden og kulturlandskapet er grunnlaget for all næringsaktivitet på Ypsøy kystgard.

Drifta av ein kystgard har alltid vore prega av mangesysler. Ein tenkjer gjerne på fiskarbonden som ein mann. Ofte var det heller slik at mannen var fiskaren og kona var bonden. Kona måtte ta seg av garden og familien medan mannen i fleire veker kunne vera borte på fiske. Dei fleste dreiv også og produserte ulike husflidsprodukt til eige bruk og for sal.

Mange har hatt vanskeleg for å skjøna at det gjekk av å leva av dei små bruka på kysten som kanskje var mindre enn 100 dekar. Men ein tar då ikkje med i betraktingen at største delen av inntektene og mykje av maten ofte kom frå ressursane i havet.

Ypsøy er om lag 550 dekar. Bruk nr. 3 som Monica og Vigleik eig er om lag 200 dekar og det største bruket på øya. Utskiftinga på øya (gnr. 50) kom først om lag 1980. Før det var det mykje teigblanding der dei 4 bruka delte på dei ulike ressursane.

Steingardane på øya lagar skilje mellom dei ulike beiteområda, ikkje bruka. Dette kan ein tolka som om at det har vore eit godt samarbeid mellom bruka.

Monica og Vigleik er i dag så heldige at dei kan sjå heile garden samla både når det gjeld forvaltning av kulturlandskapet og utvikling av næringane.



Den restaurerte steingarden i Storevågen er eit godt eksempel på korleis eit enkelt element i kulturlandskapet både kan medverke til å styrke villsaudriften og samstundes medverke til god forvaltning av tekniske, biologiske, immaterielle kulturminne.

## **Formidling, skjøtsel og forvaltning av kulturlandskapet med skuleklassar.**

Det nye valfaget i ungdomsskulen; Natur, miljø og friluftsliv, starta opp i fjor haust. Her skal elevane m.a. lære om berekraftig bruk av natur- og kulturlandskap. Skulen kontakta då landbrukskontoret med tanke på samarbeid med ein gardbrukar. Landbrukssjef Laila Bjørge anbefalte dei å ta kontakt med Ypsøy kystgard. Møte mellom skule og gard medførte at samarbeidsavtale vart inngått og prosjektet starta opp i august.

Monica og Vigleik føler at dette tiltaket høver godt inn i deira næringsfilosofi.

Samstundes medverka tiltaket til auka interesse for, og auka skjøtsel av, kulturlandskapet.

Etter kvart fekk dei finansiert eit forprosjekt der både Meland kommune og Fylkesmannen i Hordaland deltar økonomisk.

Her får elevane lære om forvaltning av kystens kulturlandskap gjennom deltaking. Mange av elevane har også fått nye og gode erfaringar knytt til bruk av havets ressursar.



*Skuleelevar klare for fjerning av sitkagran*



*Brenning av kvister og greiner*



*Åker med neper og reddik*



*Blåskjelsuppe med sniglar og geitramsskot*

## **Inn På tunet med enkeltelevar frå grunnskulen.**

Ypsøy kystgard har teke imot elevar frå grunnskulen inntil 3 dagar pr. veke dei siste 9 åra. Tiltaket har soleis i periodar vore ein viktig del av inntektene til bruket.

Monica og Vigleik sin kompetanse, kombinert med kystgarden sine ressursar har verka positivt på elevane si teoretiske, praktiske og sosiale utvikling. Tilbakemeldingar frå elevar, føresette og skule har vore særdeles god. Ei mor si Julehelsing til Monica og Vigleik for nokre år tilbake seier eigentleg det meste om kva tilbodet kan bety for den enkelte elev.

Tiltaket verkar også positivt på forvaltninga av kulturlandskapet då aktivitetane følgjer årsrytmen til garden og ein får utført ein god del skjøtsel saman med elevane.



*Fisking er spanande og kjekt*



*Bråtebrenning og grilling av pølser*

## **Foredla produkt av råvarer frå garden.**

På og rundt Ypsøy er det mange naturgjevne ressursar som vert teke i bruk og foredla.

At garden er økologisk, bilfri og tradisjonelt drive gjer at Monica og Vigleik også har tilgang til ein stor og "rein" ressursbank frå både sjø og land.

Ved å ta i bruk tradisjonelle fiske og fangstmetodar som djupvassgarn, teiner, liner, ruser og lystring har dei fått mykje å velje i frå havets spisskammer.

I tillegg til villsau, hjort, frukt og bær, har dei og teke i bruk mange av dei ville vekstane som trives når kulturlandskapets vert økologisk og tradisjonelt drive. Drivarane hadde ikkje trudd for nokre år sidan at geitrams, sitkagran, perikum og pors skulle medverka til å styrka reiselivssatsinga deira.

I år har Monica byrja å produsera handverksprodukt frå rekved som driv i land på øya. Ho har produsert både, lysestakar, veggur, lampar og oppheng. Det er for tidleg å sei kva dette kan bety for næringa, men interessa frå marknaden så langt er positiv.

Tidlegare var Monica og Vigleik fleire gonger i året på Bondens marknad i Bergen. Det siste året har mykje av produkta vorte sold på garden eller nytta som ingrediensar i ulike rettar til gjestane i gardsrestauranten.

Vigleik har dei 2 siste åra fått mykje bestillingar på spekepølse og urøkt vindturka pinnekjøtt. Det er planar om å auka produksjonen noko til hausten.



*Spekepølse med villsau på oldemors vis*



*Fersk fisk vert gjerne stekt og servert i Vågen.*

### **Reiseliv med turar på sjø og land, servering av lokal mat og overnatting i løo.**

Ypsøy kystgard var den første garden i Noreg som vart godkjent av Norsk økoturisme i 2008.

Kravet til økoturismeverksemder er:

*Dei må vere natur – og kulturbasert, bidra aktivt til natur – og kulturvern, ha ei berekraftig drift, medverke positivt i lokasamfunnet, forvalte kulturminne, kulturmiljø på ein god måte, ha dyktige vertar og formidlarar, skape minnerike opplevingar for gjestene og eit godt miljø for dei ansatte.*

Sølv om kystgarden no er ute av denne ordninga er drift og produkt like miljøvennleg.

Etter at dei byrja med overnatting, aktivitetar og servering for mindre grupper seint i fjor haust opplever dei no pågang frå familiarar frå store deler av verden.

I tillegg til gjester frå Noreg er det no bestillingar frå Spania, Island, Austerrike, Mexico, Nederland og USA.

Gjestene vert tekne imot og behandla som familiemedlemmar. I tillegg til overnatting kan gjestene velje i tilleggsprodukt som båtturar, villsausafari, frukost og middag med lokale rettar, fisketurar ++.

Monica og Vigleik vert ofte invitert inn til gjestene for å fortelje om livet på kystgarden, eller andre ting. Tilbakemeldingar frå gjestene på dette er svært positive.



Familie som gjester garden



Overnatting i løa med musserande vin



Sofakrok med peis og gyngestolar



Innmarka sett mot sør



Dekka bord i løa



Spisekroken sett frå gangbrua

**Prosjektleiar for livOGlyst Kårbø og for lokalmatprosjektet: "Smaken av Nordhordland".  
Nettverkssamarbeid.**

I 2008 takka Vigleik ja til å bli prosjektleiar for livOGlyst Kårbø. Prosjektet var eit av dei første 3-årige hovudprosjekta. Kårbø er ei lita bygd i Meland kommune med om lag 20 innbyggjarar. Hovudnæringa har tradisjonelt våre fiskeri og litt jordbruk.

LivOGlyst Kårbø fekk mykje positiv omtale og prosjektet fekk m.a. ekstra ressursar slik at det kunne drivast eit år ekstra for at pågåande tiltak kunne ferdigstillast.

Det skjedde mykje positivt i bygda desse åra og fleire arbeidsplassar vart etablert. Bygda fekk og utvikla "Eldmerket" som eit symbol på den natur- og kulturbaserte næringsutviklinga.

Vigleik er no engasjert i forprosjektet "Smaken av Nordhordland" Der formålet er å utvikle lokalmaten frå regionen.

Prosjektarbeidet har verka positivt for drifta av Ypsøy kystgard. Monica og Vigleik har etter kvart også bygd seg opp eit stort nettverk privat, kollegialt og på kommune – og fylkesnivå.



*Båt er framleis eit viktig framkomstmiddel i regionen*

## Rådgjeving for gardbrukarar i oppstartsfasen og/eller som treng hjelp til forvaltning av eigne kulturlandskapsverdiar.

Arbeidet som prosjektleiar har og medført at Vigleik også har teke mindre oppdrag for andre gardbrukarar. Det har vore hjelp med grindbyggprosjekt, hjorteforvaltning, forretningsplanar, brakjeveggar, BU-søknader, næringsutvikling ++. Dette har vore eit kjekt og gjevande arbeid som Vigleik ønskjer å fortsetta med.



*Samarbeid med lokale gardbrukarar*

## Transport med båt av eigne born til skule og frakting av materiell for naboar.

Å bu på ei veglaus øy medfører at ein er avhengig av båt. Ypsøy kystgard har investert i 2 arbeidsbåtar som vert brukte til det meste heile året. I tillegg til frakt av eigne born til skule, materialar til garden, turistar, matvarer m.m., vert også båtane leigd av naboar til ulike oppdrag. Funksjonshemma personar i rullestol har også vorte frakta til og frå øya. Desse oppdraga har også blitt ein del av næringsgrunnlaget til garden.



*Monica og Vigleik transporterer skuleelevar*

## Vegen vidare

Visjonane framover er å utvikle næringane vidare på ein god og berekraftig måte samstundes som ein klarer å forvalte kystkulturlandskapet.

Ein opplever at gjester som besøkjer garden trives og at det unike kulturlandskapet medverkar til rekreasjon og velvære.

Skjøtsel, forvaltning og landskapet i seg sjølv kan truleg brukast endå meir aktivt i marknadsføringa av varer og tenester frå Ypsøy kystgard.

Dersom ein skal klare å sikre naudsynt skjøtsel og forvaltning av slike stader som Ypsøy i framtida er det viktig å involvere komande generasjonar.

Den oppveksande slekt må få moglegheita til å erfare i praksis korleis dei kan ta vare på kulturlandskap ved å leggja til rette for ei berekraftig utvikling.

Dei må få oppleve å kjenne på gleda og trivselen ved det å drive gard.

Samstundes må dei få moglegheita til å gå sine eigne vegar og å skape sitt eige levebrød.

Monica og Vigleik ønskjer også for framtida å arbeide for at born og unge skal få eit godt forhold til Ypsøy, både som ei stad å være, ein stad å lære, ein stad å hauste.

Det vil også framover vere viktig å tilby produkt som rettar seg mot born, familiar, studentar, og kulturinteresserte.

Alle 3 borna til Monica og Vigleik er i dag aktivt med i arbeidet på garden, i tillegg er det kome eit barnebarn til. Dette gjev håp for framtida til det unike kystkulturlandskapet på Ypsøy kystgard.



Hjortejakt på gamal fangststad



Miriam hentar tørrhøy til villsauen

## **Tildelingar**

### **Næringsfondet**

2002 – Stønad frå næringsfondet i Meland kommune til oppstart av Ypsøy kystgard.

### **STILK / SMIL**

2001 – Lyngbrenning Søre marka.

2002 – Restaurering av smalehus, kjelde, kistegrøfter.

2003 – Beiterydning lynghei.

2004 – Beiterydning sankegjerde.

2005 – Restaurering av gamal kai.

2006 – Restaurering av frukthage. Oppsetting av gjerde.

2008 – Restaurering av løe.

2009 – Restaurering av turveg / drifteveg og potetkjellar.

2010 – Restaurering og skjøtsel slåttemark.

2013 – Vedlikehald gang – og drifteveg (*ikkje ferdig*)

### **Regionrådet i Nordhordland**

2005 – Stønad til arbeidet med kulturlandskapet.

### **Kulturrosa**

2006 – Monica og Vigleik får kulturrosa av Meland kommune for god og frivillig forvaltning av Ypsøy kystgard.

### **BU-midlar**

2004 – 2009, stønad frå Innovasjon Norge til utvikling av Inn På Tunet, miljøvennleg reiseliv, foredling og vidareutvikling av næringane.

## Vedlegg

Skjøtsels – og forvaltningsplan for Ypsøy kystgard kan ettersendast om ønskjeleg.

Avisreportasjar og artiklar kan ettersendast.

Fargebilde og figurar er tekne og utarbeide av Mathilde, Monica og/eller Vigleik M. Ypsøy.  
Bilde med elevar er tekne av Rossland skule. Gamalt bilde på framsida er av ukjent opphav.

Dei to andre svart/kvitt bilda er tekne av Karin Hobæk.

Flyfoto framside er teke av Jarle Vikebø

Layout er utført av Miriam Ypsøy.

Meir informasjon finn ein også på [www.kystgard.no](http://www.kystgard.no) og facebook



*Naturskapte vegskilt av rekved høver godt inn i dette landskapet.*